

MODALEN KOMMUNE
Postboks 44
5732 MODALEN

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	02.06.2023
Vår referanse	2023/38074-26
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Skibenes
E-post	Kari.Skibenes@vlfk.no
Telefon	57 67 64 12

Vedtak om tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka 2023

Vi viser til tre søknadar om tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka våren 2023.

De vart tildelt tilskot på 30 000 kroner til prosjektet «Bokbad med musikar Tom Roger Aadland».

De fekk avslag på søknadane om prosjektet «Bob Dylan og annan songlyrikk» og «Etterutdanning ved OsloMet».

Vestland fylkeskommune, hovudutval for kultur, idrett og integrering, vedtok i møte 23.05.23 å løye 500 000 kroner til i alt 14 prosjekt/tiltak. Dette var i tråd med avdelingsdirektøren si innstilling.

Ved søknadsfristen var det kome inn 18 søknader. Samla søknadssum var 836 530 kroner.

Sjå politisk sak 74/2023 med vedlegg for heile saksframstillinga.

Grunnjeving:

Søknaden om «Bokbad med musikar Tom Roger Aadland» er i tråd med føremålet for ordninga. I vurderinga har vi lagt vekt på at bokbad-forma er ny for biblioteket, og at Aadland er ein god ambassadør for å fremje nynorsk. Noko mangefullt samsvar mellom budsjett og planlagt aktivitet gjer at vi tilrår mindre tildeling enn omsøkt.

Etter vår vurdering vil ikkje «Bob Dylan og annan songlyrikk» bidra til utvikling av bibliotektilbodet, og slike arrangement er å rekne som ein del av vanleg drift.

Etterutdanning ved OsloMet vert ikkje støtta ettersom det er eit kommunalt ansvar å sikre grunnleggande bibliotekfagleg kompetanse hos biblioteksjefen, jf. Lov om folkebibliotek.

Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer, jf. <https://www.vestlandfylke.no/kultur/bibliotekutvikling/tilskot-prosjekt-kompetanseheving-2023/>.

Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av midlane

Utbetaling og rapportering:

Tilsegn om tilskot gjeld i inntil eitt år frå svar om vedtaket er sendt til søkeren. Tilsegna fell bort, og midlane vert inndregne dersom

- tiltaket ikkje er igangsett innan eit år etter svar er sendt ut
- søkeren ikkje har bede om utbetaling av tilskotet innan to år etter svar er sendt ut, sjå utlysinga for nærmare for nærmare informasjon.

- Tilskotet vert som hovudregel utbetalt når vi får melding om at prosjektet/tiltaket er gjennomført og vi har motteke rapport og rekneskap.
 - Prosjektet/tiltaket må vere gjennomført i samsvar med søknad. Eventuelle endringar av vesentleg grad skal meldast til sakshandsamar.
-
- Frist for å rapportere er tre månader etter at tiltaket/prosjektet er gjennomført.
 - Rapport skal sendast til post@vlfk.no merka med saksnummer 2023/38074. Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av:
 - Når, kor og korleis tiltaket vart gjennomført
 - Eventuelle avvik frå vilkåra med nærmare grunngjeving
 - Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Etter å ha motteke godkjenning av rapport og rekneskap, får de utbetalt tilskot ved å sende oss elektronisk faktura i EHF-format.

Slik sender de faktura til Vestland fylkeskommune.

Merk «Dykkar referanse» med ressursnr.: 10169, saksnr.: 2023/38074 og prosjektnr.: 400331

Kontroll:

- Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast tilbake.
- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta som føresett. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd ved kontroll.

Informasjon og tilgjenge:

- Det skal komme tydeleg fram i informasjonsmateriell med meir at fylkeskommunen er tilskotsgjevar. <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>
- Ved opne arrangement med publikum er det eit krav at ein aksepterer følgjekort for funksjonshemma.
- Fylkeskommunen føreset at mottakar av tilskot deler erfaringar og kunnskap frå prosjekt/tiltak ved aktuelle høve, som t.d. på kurs og seminar, skriftleg informasjon mm.
- Omtale og biletar frå prosjektet kan offentleggjera i fylkeskommunen sine kommunikasjonskanalar og i presseomtale.

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg, og de har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknyting til dette brevet kan de rette til sakshandsamar.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Elin Golten
seksjonssjef
KFO - Bibliotekutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift